



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2438 - 20/16964

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
30.03.2020

Oversender søknad om dispensasjon til utfale - gbnr 185/262 Isdal

Tiltak: Lagerbygg
Byggjestad: Gbnr 185/262
Tiltakshavar: Vestland fylkeskommune
Ansvarleg søkjar: Vestland fylkeskommune

Tiltak

Saka gjeld oppføring av nytt materiallager, riving av eksisterande mindre bygg som står der nytt materiallager skal etablerast, og forlenga løyve for eksisterande lagerhall som ligg like sør for omsøkt bygg. Bygga er knytt til drifta av Knarvik vidaregåande skule.

Nytt lagerbygg har eit bygd areal oppgitt til ca 90 m², bygga som skal rivast har eit bygd areal oppgitt til ca 62 m² og eksisterande lagerhall har eit bygd areal oppgitt til ca 200 m². Det er søkt om mellombels plassering fram til 2025.

Det vart gitt rammeløyve for oppføring av eksisterande lagerhall i vedtak datert 11.06.2010. Løyvet vart gitt for 5 år og har gått ut. Det må som følgje av det søkjast om nytt løyve for denne hallen. Kommunen har bedt om at det vert send inn tilleggskommunikasjon i saka, mellom anna teikningar av eksisterande lagerhall.


Planstatus

Reguleringsplanen for tunnel på Fv 57 (planID 1263-201201) gjeld. Som det går fram av kartutsnittet skal tiltaket plassert på areal som er sett av til veg og anna veggrunn, og krev som følgje av dette dispensasjon frå arealføremålet.


I følgje kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen supplerer kommunedelplanen reguleringsplanen der reguleringsplanen ikkje har føresegn om temaet, jf. føresegn 4.5. Tiltaket ligg innanfor raud støysone og bandleggingssone for framtidig trase for E39.

Det er opplyst at det er send søknad om dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesvegen til Statens Vegvesen 15.01.20. Denne søknaden er etter kommunen si vurdering ikkje relevant.


Situasjonsplan



Plankart



Ortofoto



Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar Anne Lise Molvik på tlf.nr. 56 37 56 490, eller e-post til anne.lise.molvik@alver.kommune.no.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om mellombels byggeløyve - gbnr 185/262 Isdal

Søknad nytt lager Knarvik vgs gbnr 185-262

B - 1 søknad disp Statens vv byggegrense

B - 2 søknad disp reg pl og byggegrense

D - 1 sit kart nytt lager

E - 1 plan nytt lager

E - 2 snitt

E - 3 fasader nytt lager

E - 4 perspektiv 3D

E - 5 perspektiv 3 D

E - 6 skisse 3D

F - 1 Redegjørelse søknad nytt lager

F - 2 disp fra 2010 Statens vegevsen og byggeløyve

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
------------------------	---------------	------	--------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN